

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Måløy
Dato:	02.09.2022
Tid:	Kl. 09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09:00	Omvising på området for Peak Måløy Måløy Vekst
Kl. 10:45	Omvising på fagskolen avd. Måløy
Kl. 12:00	Lunsj
Kl. 12:45	Styremøte

Emil Gadolin

Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 10/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 11/22	Godkjenning av møteprotokoll frå 24.06.2022	2022/486	

Referatsaker

RS 09/22	Rekneskap 2. kvartal 2022 for Fagskulen Vestland – Fagskolen i Hordaland	2022/486	
RS 10/22	Rekneskap 2. kvartal 2022 for Fagskulen Vestland – Fagskolen i Sogn og Fjordane	2022/486	

Vedtaksaker

VS 21/22	Høyringsfråsegn – Rapport om finansieringssystemet for fagskular	2022/486	
VS 22/22	Løyve til å søkje NOKUT om ny utdanning – Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre 30 stp.	2022/486	
VS 23/22	Flytting av studiestad Måløy sine lokale til Peak Måløy	2022/486	

Saknr: 2022/486-46
Saksbehandlar Ingrid Fagerheim Sættem
Dato: 26.08.2022

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Rekneskap 2. kvartal 2022 for Fagskulen Vestland - Fagskolen i Hordaland

I denne meldinga vert det lagt fram rekneskap for 2. kvartal 2022 for Fagskulen Vestland (Fagskolen i Hordaland).

Fagskulen Vestland har operert med to økonomisystem fram til 1. august 2022, og det vert derfor vist til rekneskap for Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane separat.

Rekneskap for Fagskulen Vestland (Fagskolen i Hordaland) per juni 2022

For 2022 er Fagskulen Vestland (Fagskolen i Hordaland) sitt årsbudsjett følgjande:

Budsjettpost	Årsbudsjett 2022
Løn og andre kostnader	139 507 908
Overskot frå 2021*	
Statstilskot	-111 045 071
Inntekter frå oppdragsverksemd	-1 500 000
Studieavgift	-4 680 000
Prosjektmidlar frå 2021	-9 497 837
Sum	12 785 000

Skulen har i 2022 budsjettert med 139 507 908 mill.kr. i utgifter og tilsvarende beløp i inntekter og fylkeskommunalt tilskot.

I tillegg har skulen eit disposisjonsfond frå 2021 på kr. 6 309 897

Pr. juni 2022 er Fagskulen Vestland (Fagskolen i Hordaland) sitt rekneskap følgjande:

Tekst	Rekneskap	Budsjett
Adm/leiing	-61927840	-53001521
Undervisning	52953501	55615902
Oppdragsverksemd	-271927	-718052
TOTAL	-9 246 266	1 896 329

Differanse	kr	11 142 595
-------------------	-----------	-------------------

NOTE 1	-kr	5 855 466	Ubrukte prosjektmidlar frå 2021
NOTE 2	-kr	3 204 470	Nye prosjektmidlar i 2022
RESULTAT	kr	2 082 659	

AVDELING	REKNESKAP juni 2022	BUDSJETT juni 2022	DIFFERANSE
Administrasjon og leiing	-61 927 840	-53 001 521	-8 926 319
Lønn og reiseutgifter	993 862	1 338 457	-344 595
Studieavgift		-2 340 000	2 340 000
Andre kostnader/inntekter	23 521	165 500	-141 979
Tilskot VLFK			
Statstilskot	-55 522 535	-55 522 535	0
Merkantil	1 943 322	2 774 973	-831 651
Skolelokale	103 841	120 000	-16 159
Fagskolestyret	18 281	442 084	-423 803
Bibliotek	9 704	20 000	-10 296
Årsoppgjer	-9 497 837		-9 497 837
Adm og leiing	-61 927 840	-53 001 521	-8 926 319
Fagskolen felles	4 694 232	6 407 981	-1 713 749
Fagstab	1 219 550	1 498 026	-278 476
Elektro (Elkraft og Automatisering)	11 438 244	12 109 305	-671 061
IT - felles	287 162	100 000	187 162
Arborist	825 533	672 629	152 904
Lokal matkultur	995 079	1 226 835	-231 756
Bygg (Bygg og KEM)	8 302 706	9 032 562	-729 856
Anlegg	1 563 309	1 775 356	-212 047
Maritim Bergen	8 010 133	6 810 260	1 199 873
Maritim Austevoll	3 077 875	2 161 780	916 095

NOTE 3 + NOTE 4

Maskin	6 075 061	5 408 038	667 023
Petroleum (Boring)	2 508 348	3 762 827	-1 254 479
Prosess	1 668 554	2 298 634	-630 080
Helse	2 287 715	2 351 669	-63 954
UNDERVISNING	52 953 501	55 615 902	-2 662 401
OPPDRAK	-271 927	-718 052	446 125

NOTE 1 - Ubrukte prosjektmidler frå 2021

NOTE 2 - Nye prosjektmidler for 2022

NOTE 3 - Studieavgift er rekneskapsført på 388100 - budsjettert på 388000

NOTE 4 - Prosjekt for samanslåing belasta med kr 610 132

Saksnr: 2022/486-47
Saksbehandlar Ingrid Fagerheim Sættem
Dato: 26.08.2022

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Rekneskap 2. kvartal 2022 for Fagskulen Vestland - Fagskulen i Sogn og Fjordane

I denne meldinga vert det lagt fram rekneskap for 2. kvartal 2022 for Fagskulen Vestland (Fagskulen i Sogn og Fjordane).

Fagskulen Vestland har operert med to økonomisystem fram til 1. august 2022, og det vert derfor vist til rekneskap for Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane separat.

Rekneskap for Fagskulen Vestland (Fagskulen i Sogn og Fjordane) per juni 2022

AVDELING	REGNSKAP juni 2022	BUDSJETT juni 2022	DIFFERANSE
Forvaltning og fellesutgifter	-9 180 430	-9 422 142	-241 712
Lokale og fellesutgifter Førde	1 689 524	1 768 165	78 641
Lokale og fellesutgifter Måløy	947 773	1 021 206	73 433
Undervisning Førde	6 343 128	6 199 467	-143 661
Undervisning Måløy	3 670 034	3 588 259	-81 775

Saksnr: 2022/486-45**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 21/22	02.09.2022

Høyringsfråsegn - Rapport om finansieringssystemet for fagskular

Forslag til vedtak

1. Det vert gitt høyringsfråsegn til rapport om finansieringssystemet for fagskular slik det kjem fram av saka.

Samandrag

Kunnskapsdepartementet har sendt rapport om finansieringssystemet for fagskular på høyring med frist 01.09.2022. Rapporten er utarbeida av Deloitte på oppdrag frå HK-dir. Rapporten ser på korleis finansieringssystemet i fagskulesektoren fungerer for ulike involverte aktørar og kva rolle systemet spelar i arbeidet med å heve kvaliteten og betre samanhengen mellom utdanningstilboda og arbeidslivet sine behov for kompetanse. Styret ved fagskulen vil i høyringsfråsegn kommentere dei tiltaka som Deloitte meiner det er naudsynt å setje i verk, for å styrkje finansieringssystemet ytterlegare.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte 25.03.2022 tok styret for Fagskulen Vestland meldinga RS 05/22 til orientering. I meldinga vart det gjeve ei kort oppsummering av andre delrapport i ei evaluering av fagskulemeldinga frå 2016 (Meld. St. 9 (2016-2018) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*). I møtet vart det bestemt at styret skulle gje uttale til rapporten. Kunnskapsdepartementet vedtok seinare å sende rapport om finansieringssystemet for fagskular på høyring.

Ei arbeidsgruppe beståande av Rosalind Fosse, Sjur Inge Veim og Kathrin Jakobsen har arbeidd med høyringsfråsegna. Adeline Berntsen Landro og Ingrid Fagerheim Sættem har gjeve støtte til gruppa i arbeidet. Høyringsfråsegna baserer seg på innspel frå arbeidsgruppa.

Styret vil gje høyringsfråsegn ved fristen 01.09.2022. For å rekke handsaming i styret før høyringsuttalen vert sendt, har fagskulen fått utvida fristen til 02.09.2022.

Høyringsnotatet finn ein her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c2038e8096684a48aceeb950f0e938bd/rapport.pdf>

Rapporten om finansieringssystemet for fagskular er utarbeida av Deloitte på oppdrag frå HK-dir. Rapporten inngår i ei større evaluering av tiltaka som vart lanserte i fagskulemeldinga i 2016, og tek føre seg finansieringssystemet i fagskulesektoren. Finansieringssystemet for fagskulane vart endra i 2018, som følgje av fagskulemeldinga. Målet med omlegginga var å samle finansieringa i eit heilskapleg system. Rapporten ser på korleis systemet no fungerer for ulike involverte aktørar og kva rolle det spelar i arbeidet med å heve kvaliteten og betre samanhengen mellom utdanningstilboda og arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

Med bakgrunn i dei undersøkingane som er gjort, og dei vurderingane som kjem fram av rapporten, meiner Deloitte det er behov for å setje i verk tiltak for å styrkje finansieringssystemet ytterlegare, og sikre at finansieringssystemet bidreg til å nå dei måla som er sett for sektoren. Anbefalingane til Deloitte er som følgjer:

1. Deloitte mener at det er viktig å følge opp fylkeskommunenes forvaltning av de statlige driftsmidlene, og å sikre en mer lik praksis på tvers av fylkeskommunene. Nye retningslinjer kan være et godt tiltak i så måte, men Deloitte mener også at det fremover vil være viktig å etablere systemer for å følge opp at praksisen er i samsvar med retningslinjene som er gitt fra Kunnskapsdepartementet. Blant de momentene vi mener det er viktig å følge opp, er blant annet overholdelse av saksbehandlingsfrister og tidsriktig utbetaling av tilskudd, samt informasjon om mulighet til å søke driftstilskudd, søknadsfrist, satser mv.

2. Det er etter Deloitte vurdering viktig at fylkeskommunene tar en aktiv rolle i forvaltningen, og gjør reelle og begrunnede vurderinger av hva som er arbeidslivets kompetansebehov. Deloitte mener derfor det bør iverksettes tiltak for å sikre tilstrekkelig forankring og forståelse for det ansvaret fylkeskommunene har når det kommer til forvaltning av de statlige driftsmidlene. Vi viser i denne forbindelse til tiltaket i fagskulemeldingen som innebærer å etablere en arena for dialog mellom regionene og KD, i praksis fylkeskommunene og KD (tiltak nr. 7). Dette tiltaket er så langt ikke fulgt opp, etter det vi er kjent med. Vi mener dette kan være en god arena for å bidra til økt forankring og forståelse for fylkeskommunenes rolle og ansvar.

3. Det bør etter vår vurdering iverksettes tiltak for å styrke kunnskapsgrunnlaget om nasjonale behov for kompetanse, og legges til rette for at fylkeskommunene i sine vurderinger også kan ta hensyn til disse behovene, i tillegg til lokale og regionale behov.

4. Det bør etter Deloitte vurdering iverksettes tiltak for å samordne praksisen knyttet til den resultatbaserte uttellingen, samt sørge for transparens og at det skilles mellom grunntilskudd og resultatbasert uttelling i tildelingene til fagskolene. Dette er viktig for å sikre at systemet fungerer i samsvar med intensjonen om å være et insentiv for kvalitet og gjennomføring. Samtidig bør disse prosessene ses i sammenheng med en vurdering av tilskuddsnivået i sektoren, jf. punktet under.

5. Det bør gjennomføres en oppdatert kostnadskartlegging i sektoren, som tar for seg de faktiske kostnadene knyttet til ulike utdanningstilbud, hvilke årsaker som ligger til grunn for eventuell variasjon i faktiske kostnader og hvordan man kan kompensere for de forholdene som driver variasjon i kostnader. Basert på en slik kartlegging bør det etableres et felles system for bruk av tilskuddssatser ved fordeling av driftsmidler, der fagskoler og utdanningstilbud som deler de samme forutsetninger og der reelle kostnader er sammenlignbare, mottar så lik finansiering som mulig.

6. Øremerkingen av midler til utvalgte fagskoler bør ikke videreføres som i dag. Ordningen medfører til dels svært store forskjeller i tilskudd per heltidsekvivalent, noe som etter Deloitte vurdering fremstår som urimelig. Deloitte mener det ved tildeling av midler også til disse fagskolene bør gjøres vurderinger opp mot arbeidslivets behov for kompetanse, i samsvar med målsettingene i fagskolemeldingen. Dersom det likevel er ønskelig med en videre skjerming av de aktuelle skolene, bør det gjøres en konkret vurdering og begrunnes. Videre bør tilskuddet tilpasses antall studenter ved utdanningstilbudene slik at tilskuddsnivået kan anses som rimelig sett i sammenheng med de satser som ellers benyttes.

7. Det bør vurderes hvordan det eventuelt kan være mulig å sikre økt forutsigbarhet i arbeidet med etablering av nye studieplasser, da dette er prosesser som er særs viktige i arbeidet mot å nå målet om god sammenheng mellom tilbud og etterspørsel. Samtidig bør det etterstrebtes tydeligere kommunikasjon knyttet til de faktiske implikasjonene av videreføring og opptrapping av nye studieplasser.

8. Deloitte mener det bør gjøres en nærmere vurdering av hvordan man kan redusere risikoen for at det tildeles utviklingsmidler til utvikling av utdanningstilbud som deretter ikke prioriteres av fylkeskommunene ved fordeling av driftsmidler. For å sikre et helhetlig og langsiktig utviklingsarbeid bør det vurderes å etablere enkle rutiner for samhandling mellom HK-dir og fylkeskommunene ved behandling av søknader om utviklingsmidler.

9. Det bør etter Deloitte mening vurderes om satsingen på den såkalte Industrifagskolen kan samordnes bedre med de ordinære driftsmidlene, eventuelt ved å inkludere det som per i dag er Industrifagskolen som en satsing innenfor de ordinære driftsmidlene. Dette for å sikre en helhetlig forvaltning, redusere det som per i dag kan se ut som en ny fragmentering av finansieringssystemet for sektoren, og redusere risikoen for at målkonflikter mellom ordninger hindrer måloppnåelsen for sektoren som helhet.

10. Det bør etter Deloitte vurdering gjøres en vurdering av hvordan man kan sikre at bransjeprogrammene er tilstrekkelig koordinert med øvrige deler av finansieringssystemet, slik at man sikrer at alle de ulike ordningene «drar i samme retning» og bidrar til de samme målene. Dette bør også ses i sammenheng med lovendringen som åpner for akkreditering av fagskoleutdanning på under et halvt års omfang.

Kunnskapsdepartementet har bedt om innspel til anbefalingane i rapporten. Styret for Fagskolen Vestland vil gjø følgjande høyringsfråsegn til departementet:

Styret for Fagskolen Vestland viser til brev frå Kunnskapsdepartementet av 5. mai 2022 som gjeld høyring om rapport om finansieringssystemet for fagskular. Styret takkar for moglegheita til å få komme med høyrings svar.

Styret er godt nøgd med rapporten, og kan kjenne seg igjen i fleire av problemstillingane som vert reist. Styret har tillit til at Deloitte sine anbefalingar vil styrkje finansieringssystemet i fagskulesektoren ytterlegare, og sikre at finansieringssystemet bidreg til å nå dei måla som er sett for sektoren.

Styret for Fagskolen Vestland vil nytte anledninga til å komme med innspel til anbefalingane i rapporten. Innspela er nummeret i tråd med rekkjefølgja på oppsummeringa av anbefalingane i kapittel 6.4.

1. Styret ved Fagskolen Vestland støttar tilrådinga.

2. Styret ved Fagskulen Vestland støttar tilrådinga, men vil også peike på at det i evalueringa vert vist til at tilskotsmodellen framleis kan virke konserverande fordi allereie etablerte tilbod i stor grad vert vidareført. I arbeidet med felles retningslinjer for fylkeskommunane vart det mellom anna tilrådd at ein skulle sikre ei viss stabilitet for tilbydarane, noko som er særskild viktig for god skuledrift. Dette vil vere ein faktor som bidreg til konservering, men som samtidig er særskild viktig for tilbydarane.

Styret meiner også at ein god del tilbod er konstant etterspurt, og ei bortprioritering av desse for å prioritere nye tilbod er ikkje nødvendigvis ein framgangsmåte som sikrar arbeidslivet sitt kompetansebehov. Derimot er det viktig at både fagskular sjølv og fylkeskommunane ser på tilbod med låg oppslutnad, for å vurdere det reelle behovet. Ei løysing for å sikre etablering av nye tilbod som er etterspurt i arbeidslivet vil vere å sikre ei føreseieleg opptrapping av studieplassar for fagskulane, slik som regjeringa har bestemt gjennom Hurdalsplattforma. Styret meiner at denne lovnaden no må verte følgt opp.

3. Styret ved Fagskulen Vestland støttar tilrådinga.

4. Styret ved Fagskulen Vestland støttar tilrådinga.

5. Styret ved Fagskulen Vestland støtter tilrådinga om å gjennomføre ei oppdatert kostnadskartlegging av dei faktiske kostnadene knytt til de ulike utdanningstilboda. Ulike utdanningar har svært ulikt konstansnivå. Einskilde utdanningar har høge kostnader, til døme knytt til undervisningsutstyr som simulatorar, lab-ar og liknande. Om ein legg til grunn kartlegginga som NIFU gjorde i 2014, så ein allereie då at finansieringsnivået var for lågt. Finansieringsnivået er i stor grad knytt til historiske føresetnader, og det bør gjerast eit grundig arbeid med å løfte finansieringa til eit riktig nivå. Samtidig er administrative kostnader ved å drive fagskuleutdanning auka dei siste åra, til dømes på bakgrunn av auka mengde rapportering og sakshandsaming av studentvedtak i samband med m.a. skikkavurdering og klagehandsaming, utan at det har gitt utslag i auka tilskot.

Fagskulen Vestland får årleg omlag 20 mill. kr. frå skuleeigar utanom statstilskotet, som går til utdanningstilbod. Utan pengar frå skuleeigar måtte fagskulen ha redusert utdanningstilboda kraftig. I tillegg har etableringa av den nye finansieringsordninga ført med seg skeivskapar i sektoren på grunn av teljetidspunktet for oppstart av ordninga. Dei som hadde vekst i tilbodet etter teljetidspunktet fekk ikkje uttelling for denne veksten i rammetilskotet. Dette var mellom anna tilfellet for gamle Fagskulen i Sogn og Fjordane, som no er ein del av Fagskulen Vestland.

Satsinga med ei rekkje tilskotsordningar som kan søkjast på legg også beslag på betydeleg administrativ kapasitet, og er ikkje midlar som gjer at ein kan auke ressursar ved skulen permanent. Styret opplever at tilskota som regel er kortsiktige, og ikkje skapar rom for utvikling over tid. Dessutan er finansiering basert på søknadar lite føreseieleg for fagskulane. Styret meiner at utviklings- og investeringsmidlar i større grad bør inngå i grunnfinansieringa, slik at den einskilde skule kan utnytte ressursane til meir systematisk kvalitetsutvikling over tid.

Ei anna utfordring ved dagens finansieringssystem i høve til nye studieplassar som bør rettast opp, er at dei toårige utdanningane som vert gjeve på deltid over 3 eller 4 år ikkje har ei opptrapping utover dei to fyrste åra. Det vil seie at dersom ein skule startar eit nytt kull kvart år, vil det tredje året ikkje vere finansiert. Når ein søkjer om nye studieplassar er det basert på heiltidsekvivalentar med ein opptrapping over inntil to år, og ikkje det faktiske talet på studentar over tre år. Det er ei betrakteleg auke i talet på studentar som ønskjer å kombinere arbeid og utdanning, samtidig som det kan sjå ut til at det er ein nedgang i talet på studentar om ønskjer å studere på fulltid. Det er også ei ønskja politikk at studentar skal kunne kombinere arbeid og utdanning. Dersom det er ønskeleg å gje insentiv for ei slik utvikling, må finansieringsordninga ta omsyn til denne problemstillinga, og sikre opptrapping også for deltidstilbod med omfang på 120 stp.

6. Styret ved Fagskulen Vestland støttar tilrådinga.

7. Styret ved Fagskulen Vestland støttar tilrådinga, og legg til grunn at lovnad om ei opptrapping vert følgt opp frå og med statsbudsjettet 2023.

8. Styret ved Fagskulen Vestland støttar tilrådinga.

9. Styret ved Fagskulen Vestland støttar tilrådinga, men vil leggje til at det også må vere ein samanheng mellom bransjemodulordninga og Industrifagskulen. Gjennom ordninga med bransjemodular kan søkjarinstitusjonen sjølv definere omfang og budsjett for tilbodet, medan det gjennom Industrifagskulen er ei fastsett sats som i fleire tilfelle er for låg for ein skilde modular. Dette kan resultere i at ein utviklar og opprettar modular som berre vert gjennomført ein gong. Samtidig ser ein at det er eit svært stort omfang av ulike tilskotsordningar, med små forskjellar i innretning, og dette gjer alle satsingane uoversiktleg og fragmenterte.

Styret meiner også at det bør vere ein større tillit til sektoren, der større delar av finansieringa knytt til ulike satsingar og utvikling vert gjort som ein del av auka grunntilskot.

10. Styret ved Fagskulen Vestland støttar tilrådinga, og viser i tillegg til uttale i punkt 9 over.

Administrasjonen ved fagskulen vil sende vedtaket og høyringsfråsegna til Vestland fylkeskommune ved fylkesutvalet for orientering, som også handsamar sak i samband med denne høyringa i møte 06.09.2022.

Vedtakskompetanse

Rapport om finansieringssystemet for fagskular er ei open høyring.

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at det vert gitt høyringsfråsegn til rapport om finansieringssystemet for fagskular slik det kjem fram av saka.

Saksnr: 2022/486-48**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 22/22	02.09.2022

Løyve til å søkje NOKUT om ny utdanning - Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre 30 stp.

Forslag til vedtak

1. Styret gjev løyve til å søkje NOKUT om akkreditering av utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» (30 stp.), med utdanningsform nettbasert med samlingar.

Samandrag

I møte 28.01.2022 handsama styret sak VS 03/22 Løyve til å søkje NOKUT om ny utdanning – Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre 30 stp. Fagskulen søkte NOKUT om akkreditering av utdanninga i februar, men fekk avslag på søknaden. Fagskulen har på bakgrunn av vedtaket gjennomført dei endringane som er naudsynte for å få utdanninga godkjent, og ønskjer å søkje NOKUT om akkreditering av utdanninga på ny innan fristen 15.09.2022.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 VS 03/22
- 2 Vedtak om avslag fra NOKUT

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tidlegare Fagskolen i Hordaland fekk i 2021 tildelt midlar frå HK-dir til utvikling og start av ny modulbasert utdanning innan psykisk helsearbeid, med fokus på utfordrande åtferd. Fagskulen utvikla utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» på 30 studiepoeng, som vart handsama i styremøte 28.01.2022 (vedlegg 1). Etter godkjenning frå styret søkte fagskulen NOKUT om akkreditering av utdanninga i februar, men fekk avslag på søknaden (vedlegg 2). Fagskulen har på bakgrunn av vedtaket gjennomført dei endringane som er naudsynte for å få utdanninga godkjent, og ønskjer å søkje NOKUT om akkreditering av utdanninga på ny innan fristen 15.09.2022.

Formålet med utdanninga er kompetanseheving hos tilsette som jobbar med menneske med utfordrande åtferd som følgje av demens. Utdanninga vil gje studentane den kunnskapen og treninga som er naudsynt for å bli trygg i arbeidet med pasientar med utfordrande åtferd, avverje uønska hendingar og skape eit best mogleg bu- og behandlingstilbod for pasientane. Utdanninga vil vere eit samarbeid mellom Fagskulen Vestland, Luranetunet bu- og behandlingssenter og Bjørnafjorden kommune.

Bakgrunnen for avslaget frå NOKUT

NOKUT har i vedtak av 24.06.2022 avslått søknaden om akkreditering av «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» (vedlegg 2). Årsaka er at dei faglege krava for akkreditering ikkje er oppfylte. Desse krava er knytt til følgjande:

- Faginnhaldet og strukturen i utdanninga
- Overordna læringsutbyttebeskriving, omfang og nivå
- Opptakskrav
- Politiattest
- Kompetansen til praksisrettlearane

I det følgjande vil dei faglege krava som ikkje er godkjente verte nærmare gjennomgått. Fagskulen vil under kvart punkt forklare kva endringar som er sette i verk for å få utdanninga akkreditert av NOKUT.

Endringar i utdanninga

Faginnhaldet og strukturen i utdanninga

- Utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» er ei modulbasert utdanning. Fagskulen skreiv i søknaden til NOKUT at studentane kunne ta modulane i valfri rekkjefølgje.

NOKUT har vurdert at fagskulen ikkje kan leggje opp til at studentane kan ta modulane i ulik rekkjefølgje. Årsaka er at gjennomføringa av modulen «Implementering av målretta miljøbehandling på eigen arbeidsplass» krev at studentane har kunnskap om tema frå dei andre modulane. Dersom studentane sjølv kan velje rekkefølga på modulane, kan ein risikere at naudsynte forkunnskapar ikkje er til stades.

Fagskulen har endra studieplanen i tråd med NOKUT si vurdering.

- Utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» bestod opphaveleg av følgjande seks modular:

Emne 1: Etikkk, kommunikasjon og relasjonskompetanse (5 stp.)

Emne 2: Alderspsykiatri og demens (5 stp.)

Emne 3: Personsentrert omsorg og målretta miljøbehandling (5 stp.)

Emne 4: Utfordrande åtferd og samhandling (5 stp.)

Emne 5: Implementering av målretta miljøbehandling på eigen arbeidsplass (5 stp.)

Emne 6: Fagleg refleksjon, rettleiing og arbeidshelse (5 stp.)

NOKUT har på bakgrunn av temaa i «Implementering av målretta miljøbehandling på eigen arbeidsplass» vurdert modulen til å vere praksis. Fagskulen har derfor gjort om modulen til praksis, i tråd med NOKUT si vurdering. Fagskulen vil utarbeide praksisavtalar med praksisstadane i samsvar med fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 fjerde avsnitt.

- Etter anbefaling frå NOKUT har fagskulen i tillegg gjennomført følgjande endringar:
 - Fagskulen har fjerna gerontologiske tema i modul 2 som NOKUT meiner ikkje høyrer naturleg inn under tittelen til modulen.
 - Fagskulen har slått saman modul 3 (5 stp.) og modul 4 (5 stp.), då NOKUT vurderer at temaa i modulane overlappar kvarandre. Modulane er slått saman til ny modul 3 på 10 stp. Samanslåinga har gjort det naudsynt med enkelte justeringar i temaa.
 - Fagskulen har endra tittelen på modul 2 frå «Alderspsykiatri og demens» til «Demens, psykiske lidningar og plager hos eldre». Årsaka er at omgrepet «alderspsykiatri» vert nytta i spesialisthelsetenesta, og ikkje i kommunale helse- og omsorgstenester.
- Etter endringane vil utdanninga bestå av følgjande fem modular:
 - Emne 1: Etikkk, kommunikasjon og relasjonskompetanse (5 stp.)
 - Emne 2: Demens, psykiske lidningar og plager hos eldre (5 stp.)
 - Emne 3: Personsentrert omsorg og målretta miljøbehandling (10 stp.)
 - Emne 4: Praksis-Implementering av målretta miljøbehandling på eigen arbeidsplass (5 stp.)
 - Emne 5: Fagleg refleksjon, rettleiing og arbeidshelse (5 stp.)

Overordna læringsutbyttebeskriving, omfang og nivå

- Utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» hadde opphaveleg følgjande overordna læringsutbytte:

Kunnskap

Kandidaten:

- har kunnskap om omgrep, arbeidsprosessar og verktøy som er relevante innanfor arbeidsfelte psykisk helsearbeid for eldre og demensomsorg
- har innsikt i sentrale lover, forskrifter og styringsdokument som regulerer rettar og plikter for aktørane innan psykisk helsearbeid for eldre og demensomsorg
- har kunnskap om korleis demensomsorga og psykisk helsearbeid for eldre er organisert
- kan oppdatera sin kunnskap innan fagfelte psykisk helsearbeid for eldre og demensomsorg
- forstår kor viktig demensomsorg og omsorga for eldre med psykiske vanskar og lidningar er i eit samfunnsperspektiv

Ferdigheiter

Kandidaten:

- kan bruka fagleg kunnskap innan demensomsorg og psykisk helsearbeid for eldre på praktiske og teoretiske problemstillingar
- kan bruka relevante faglege arbeidsmetodar for å kartlegga og identifisera aktuelle problemstillingar
- kan nytta relevante kommunikasjonsteknikkar og intervenere for å iverksetta tiltak
- kan finna informasjon og fagstoff som er relevant for å løysa ei fagleg problemstilling

Generell kompetanse

Kandidaten:

- kan identifisera og forstå etiske utfordringar og dilemma, reflektera over eigen praksis og grunngje sine vurderingar fagleg og etisk
- har eit reflektert forhold til yrkesetiske retningslinjer for sitt fagområde, og har gjennom refleksjon utvikla ei grunnhaldning som samsvarer med desse
- kan utføra arbeidet med utgangspunkt i eldre med psykiske lidningar og problem og demente sine individuelle behov
- kan byggja relasjonar med fagfeller på tvers av fag, samt med eksterne målgrupper
- kan nytta ny kunnskap til å utvikla arbeidsmetodar og der igjennom vidareutvikla praksis på eigen arbeidsplass

NOKUT har vurdert at det overordna læringsutbyttet ikkje er i samsvar med Nasjonal kvalifikasjonsrammeverk (NKR), og at kvalifikasjonen ikkje er tilstrekkeleg for å utøve yrket. Årsaka er at fleire av læringsutbytta er upresise, generiske og ligg tett på deskriptorane i NKR. Fleire av beskrivingane er òg lik kompetansemåla for helsefagarbeidarar på vidaregåande skule.

Fagskulen har på bakgrunn av NOKUT si vurdering revidert det overordna læringsutbyttet for utdanninga. Nytt læringsutbytte er som følgjer:

Kunnskap

Kandidaten:

- har kunnskap om personsentrert kommunikasjon, relasjonskompetanse og modellar for etisk refleksjon
- har kunnskap om demens, psykisk sjukdom og psykiske plager hos eldre
- har kunnskap om førebygging og rehabilitering for eldre med psykisk sjukdom og plager og personar med demens
- har kunnskap om kartleggingsverktøy, utgreiing og utforming av tiltak til personar med demens og eldre med psykiske lidningar og/eller plager
- har kunnskap om verdigrunnlaget i personsentrert omsorg og om VIPS praksismodell
- har kunnskap om teoriar, prinsipp og kunnskapsbaserte verktøy innan målretta miljøbehandling
- har innsikt i sentrale lover, forskrifter og styringsdokument som regulerer rettar og plikter for aktørane innan psykisk helsearbeid for eldre og demensomsorg
- har kunnskap om korleis demensomsorga og psykisk helsearbeid for eldre er organisert
- kan oppdatera sin kunnskap innan fagfelte psykisk helsearbeid for eldre og demensomsorg
- forstår kor viktig demensomsorg og omsorga for eldre med psykiske vanskar og lidningar er i eit samfunnsperspektiv
- har kunnskap om kva fagleg rettleiing er og kjenner til aktuell rettleiingsteori og metodar
- kjenner omgrepet arbeidshelse og har kunnskap om leiar og arbeidstakar sitt ansvar for arbeidsmiljøet
- har kunnskap om konflikt og konflikthandtering

Ferdigheiter

Kandidaten:

- kan nytta personsentrert kommunikasjon og metodar frå motiverande samtalar i samarbeid med pasientar og pårørande
- kan nytta prinsipp for open og god kommunikasjon, samt skapa gode samarbeidsrelasjonar med kollegaer, frivillige og andre samarbeidspartnarar og yrkesgrupper
- kan nytta modellar for etisk refleksjon
- kan nytta sin kunnskap til observasjon og kartlegging av helsetilstand og funksjon og bidra i arbeidet med utgreiing, førebygging og behandling
- kan nytta kunnskap til observasjon og kartlegging av psykologiske behov og livskvalitet og vidare leggja til rette for eit støttande miljø
- tar utgangspunkt i pasientens ressursar og utformar og set i verk tiltak som opprettheld funksjonsnivået lengst mogleg, og kan evaluera desse
- kan nytta TID-modellen og utarbeida tillitsskapande tiltak og førebyggja bruk av tvang og makt
- kan utføra aktuelle tvangsvedtak på ein forskriftsmessig måte, samt dokumentera dette korrekt
- kan nytta kunnskap om korleis ein opptrer i ein utageringssituasjon
- kan finna informasjon og fagstoff som er relevant for å løysa ei fagleg problemstilling innan demensomsorg og omsorg for eldre med psykiske lidningar og/eller plager
- kan bidra aktivt i fagleg rettleiing
- har evne til å ta ansvar, utvikla og ivareta eit god arbeidsmiljø
- kan nytta ein konflikthandteringsmodell

Generell kompetanse

Kandidaten:

- kan identifisera og forstå etiske utfordringar og dilemma, reflektera over eigen praksis og grunnkje sine vurderingar fagleg og etisk i samsvar med yrkesfaglege retningslinjer
- har utvikla ei etisk grunnhaldning der brukarmedverknad og personsentrert omsorg kjem til uttrykk, og der ein kan vurdere om yrkesutøvinga er fagleg forsvarleg
- kan utføra arbeidet med utgangspunkt i eldre med psykiske lidningar og problem og demente sine individuelle behov
- forstår korleis forholdet mellom personens ressursar og krav frå omgjevnaden påverkar meistring, aktivitet og deltaking
- kan byggja relasjonar i fagmiljøet med kollegaer og med eksterne faggrupper/samarbeidspartnarar inkludert pårørande, og kjenner si rolle i det faglege teamet rundt pasienten
- kan nytta ny kunnskap til å utvikla arbeidsmetodar og der igjennom vidareutvikla praksis på eigen arbeidsplass
- kan delta i fagleg rettleiing, dela kunnskap og delta i fagleg etisk refleksjon på arbeidsplassen sin
- kan delta aktivt for å fremma god arbeidshelse og godt arbeidsmiljø på eigen arbeidsplass, og er reflektert i forhold til kva ein sjølv kan gjera for å ha god arbeidshelse

Opptakskrav

- Opptaksgrunnlaget til «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» var opphavelig fagbrev helsefagarbeidar (hjelpepleiar, omsorgsarbeidar), barne- og ungdomsarbeidar, aktivitetør eller realkompetanse. I tillegg måtte søkjaren ha ein relevant arbeidsplass og ein stillingsstorleik på minimum 50 % gjennom studiet.

NOKUT har vurdert at det formelle opptakskravet ikkje er i tråd med regelverket. Årsaka er at fagskulen stiller krav om at søkjaren må ha relevant jobb, minimum 50 % stilling, gjennom utdanninga. Eit pågåande tilsettingsforhold er ikkje ein «kvalifikasjon», og kan derfor ikkje vere ein del av kvalifiseringa til opptak. Fagskulen kan likevel stille tidlegare arbeidserfaring som eit spesielt opptakskrav, så lenge kravet om arbeidserfaring er relevant og tilstrekkeleg spesifisert. jf. fagskuleforskrifta § 7 fjerde ledd.

I tillegg har fagskulen lista opp fagbrev, barne- og ungdomsarbeidar og aktivitør som opptaksgrunnlag, som ikkje er relevante fagbrev for utdanninga etter NOKUT si vurdering. Årsaka er at aktivitørane og barne- og ungdomsarbeidarane ikkje har grunnleggjande kunnskapar innan helse og omsorg.

Fagskulen har på bakgrunn av NOKUT si vurdering tatt vekk fagbrev, barne- og ungdomsarbeidar og aktivitør. Kravet om at søkjaren må ha relevant jobb gjennom utdanninga er erstatta med eit krav om relevant arbeidserfaring frå fagfelte demensomsorg og/eller psykisk helsearbeid.

Politiattest

- I søknaden til NOKUT har fagskulen oppgjeve at utdanninga vil ha krav om politiattest ved opptak. Fagskulen har grunngjeve kravet om politiattest ved å vise til forskrift om opptak ved Fagskulen Vestland § 4-1 første avsnitt, som seier følgjande;

«I utdanningar der studentar kan kome i kontakt med mindreårige som del av klinisk undervisning eller praksis, skal fagskulen krevje at studenten legg fram politiattest som omtalt i politiregisterloven § 39 første ledd. Fagskulen kan krevje at politiattest blir lagt fram både ved opptak og undervegs i utdanninga, jf. fagskuleloven § 27 første ledd».

NOKUT har vurdert at kravet om politiattest frå studentane ikkje er oppfylt. Årsaka er at fagskulelova § 27 første ledd rettar seg mot tilfelle kor studentane kan kome i kontakt med mindreårige. NOKUT kan ikkje sjå korleis studentane ved utdanninga vil komme i kontakt med mindreårige når utdanninga er retta mot eldre.

Fagskulen har på bakgrunn av NOKUT si vurdering endra heimelen for kravet om politiattest. Riktig heimel er fagskulelova § 27 andre ledd, som seier følgjande:

«Hvis det er gitt særlige regler om politiattest for bestemte typer arbeid, gjelder disse reglene tilsvarende for studenter som deltar i praksisstudier eller klinisk undervisning».

Kompetansen til praksisrettleiarane

- Som nemnt under punktet «Faginnhaldet og strukturen i utdanninga», andre kulepunkt, er modulen «Implementering av målretta miljøbehandling på eigen arbeidsplass» gjort om til praksis. Denne endringa inneber at fagskulen må lage kompetansekrav til praksisrettleiarane.

Fagskulen har utarbeidd følgjande kompetansekrav til praksisrettleiarane:

«Praksisrettleiarane må ha minimum fagskuleutdanning eller relevant bachelor innan helsefag».

Andre endringar

- Fagskulen har valt å utvide studieløpet for utdanninga frå 1,5 år til 2 år.
- Fagskulen må sørge for at studentar som ikkje er i jobb, eller kan ta praksis på eigen arbeidsplass, får tildelt praksisplass.
- Studentar som tar praksis på ein annan arbeidsplass enn sin eigen tar praksisen komprimert over 5-6 veker for å sikre kontinuitet.

Vedtakskompetanse

Det er styret for Fagskulen Vestland som fattar vedtak om det skal søkjast NOKUT om akkreditering for ny utdanning, jf. jf. fagskulelova § 17:

§ 17. Innholdet i utdanningen

Styret skal fastsette en plan for innholdet i utdanningen og bestemme hvordan planen skal gjennomføres. Det skal blant annet fastsettes bestemmelser om obligatoriske kurs, praksisstudier, vurderingsformer og lignende.

Studiepoeng er en betegnelse på læringsutbytte og normert studietid. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.

Departementet kan gi forskrift om

a) nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

b) et felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret gjev løyve til å søkje NOKUT om akkreditering av utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» (30 stp.), med utdanningsform nettbasert med samlingar.

Saksnr: 2022/486-5**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 03/22	21.01.2022

Løyve til å søkje NOKUT om ny utdanning - Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre 30 stp.

Forslag til vedtak

1. Styret gjev løyve til å søkje NOKUT om akkreditering av utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» (30 stp.) - 6 modular á 5 studiepoeng med utdanningsform nettbasert med samlingar.

Samandrag

Tidlegare Fagskolen i Hordaland fekk i 2021 tildelt midlar frå HK-dir til utvikling og start av ny modulbasert utdanning innan psykisk helsearbeid, med fokus på utfordrande åtferd. Fagskulen ønskjer å søkje NOKUT om akkreditering av utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» (30 stp.) innan fristen 10. februar 2022. Formålet med utdanninga er kompetanseheving hos tilsette som jobbar med menneske med utfordrande åtferd som følgje av demens. Utdanninga vil vere eit samarbeid mellom Fagskulen Vestland, Luranetunet og Bjørnefjorden kommune, og er oppbygd av 6 modular á 5 studiepoeng.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tidlegare Fagskolen i Hordaland fekk i 2021 tildelt midlar frå HK-dir til utvikling og start av ny modulbasert utdanning innan psykisk helsearbeid, med fokus på utfordrande åtferd. Fagskolen ønskjer no å søkje NOKUT om akkreditering av utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» (30 stp.) innan fristen 10. februar 2022. Formålet med utdanninga er kompetanseheving hos tilsette som jobbar med menneske med utfordrande åtferd som følgje av demens. Utdanninga vil gje studentane den kunnskapen og treninga som er naudsynt for å bli trygg i arbeidet med pasientar med utfordrande åtferd, avverje uønska hendingar og skape eit best mogleg bu- og behandlingstilbod for pasientane. Utdanninga vil vere eit samarbeid mellom Fagskolen Vestland, Luranetunet og Bjørnefjorden kommune.

Opptaksgrunnlaget til utdanninga vil vere innan programområda helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar, aktivitør eller høgare helsefagleg utdanning. Realkompetanse kan også danne grunnlag for opptak. I tillegg må søkjar ha ein relevant arbeidsplass (demens eller eldre med psykiske helseutfordringar) og ein stillingsstorleik på minimum 50 %.

Læringsutbytte

Gjennom studiet skal studentane oppnå følgjande overordna læringsutbytte:

Kunnskap

Kandidaten:

- har kunnskap om omgrep, arbeidsprosessar og verktøy som er relevante innanfor arbeidsfelte psykisk helsearbeid for eldre og demensomsorg
- har innsikt i sentrale lover, forskrifter og styringsdokument som regulerer rettar og plikter for aktørane innan psykisk helsearbeid for eldre og demensomsorg
- har kunnskap om korleis demensomsorga og psykisk helsearbeid for eldre er organisert
- kan oppdatera sin kunnskap innan fagfelte psykisk helsearbeid for eldre og demensomsorg
- forstår kor viktig demensomsorg og omsorga for eldre med psykiske vanskar og lidningar er i eit samfunnsperspektiv

Ferdigheiter

Kandidaten:

- kan bruka fagleg kunnskap innan demensomsorg og psykisk helsearbeid for eldre på praktiske og teoretiske problemstillingar
- kan bruka relevante faglege arbeidsmetodar for å kartlegga og identifisera aktuelle problemstillingar
- kan nytta relevante kommunikasjonsteknikkar og intervenere for å iverksetta tiltak
- kan finna informasjon og fagstoff som er relevant for å løysa ei fagleg problemstilling

Generell kompetanse

Kandidaten:

- kan identifisera og forstå etiske utfordringar og dilemma, reflektera over eigen praksis og grunngje sine vurderingar fagleg og etisk
- har eit reflektert forhold til yrkesetiske retningsliner for sitt fagområde, og har gjennom refleksjon utvikla ei grunnhaldning som samsvarer med desse
- kan utføra arbeidet med utgangspunkt i eldre med psykiske lidningar og problem og demente sine individuelle behov
- kan byggja relasjonar med fagfeller på tvers av fag, samt med eksterne målgrupper
- kan nytta ny kunnskap til å utvikla arbeidsmetodar og der igjennom vidareutvikla praksis på eigen arbeidsplass

Organisering av studiet

«Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» er ei modulbasert utdanning på totalt 30 studiepoeng over 1,5 år, med utdanningsform nettbasert med samlingar. Utdanninga vil bestå av 6 modular à 5 studiepoeng. Studentane kan ta ein eller fleire modular i den rekkefølga som passar, men fagskulen vil tilrå å ta utdanninga frå modul 1 til 6. Kvar modul vil gå på deltid over 12 veker, og ha 30 timar stadbasert undervisning og 20 timar nettbasert undervisning. Den stadbaserte undervisninga vil finne stad på dei respektive arbeidsplassane, kor lærarane vil delta digitalt eller fysisk. Alle modulane har eit gruppearbeid på 15 timar, og ca. 70 timar sjølvstudium. Den totale arbeidsmengda per modul er 150 timar, og det vil vere ca. 240 sider litteratur i kvar modul. I modul 5 skal studentane implementera målretta miljøbehandling på eigen arbeidsplass, og dette er årsaka til at søkjarane må ha ein relevant arbeidsplass og vere tilsett i minimum 50 % stilling.

I kvar modul må studentane få godkjend tre arbeidskrav for å oppnå modulkarakteren «bestått». Studentar som består alle 6 modulane får utdelt vitnemål. Studentar som berre tar enkeltmodular, kan få karakterutskrift for bestått modul.

Vedtakskompetanse

Det er styret for Fagskulen Vestland som fattar vedtak om det skal søkjast NOKUT om akkreditering for ny utdanning, jf. jf. fagskulelova § 17:

§ 17. Innholdet i utdanningen

Styret skal fastsette en plan for innholdet i utdanningen og bestemme hvordan planen skal gjennomføres. Det skal blant annet fastsettes bestemmelser om obligatoriske kurs, praksisstudier, vurderingsformer og lignende.

Studiepoeng er en betegnelse på læringsutbytte og normert studietid. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.

Departementet kan gi forskrift om

- a) nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk*
- b) et felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering*

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret gjev løyve til å søkje NOKUT om akkreditering av utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» (30 stp.) - 6 modular á 5 studiepoeng med utdanningsform nettbasert med samlingar.

FAGSKULEN VESTLAND NORDNES

Saksbehandler: Charlotte Østensen

Vår ref: 22/01800

Vår dato: 24.06.2022

Deres ref:

Deres dato:

Avslag på søknad om akkreditering av fagskoleutdanningen Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre ved FAGSKULEN VESTLAND NORDNES

Vi viser til søknaden om akkreditering av fagskoleutdanningen Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre.

NOKUT avslår søknaden om akkreditering av utdanningen

De faglige kravene for akkreditering av Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre, 30 studiepoeng, nettbasert med samlinger, ved FAGSKULEN VESTLAND NORDNES, er ikke oppfylt. NOKUT akkrediterer derfor ikke utdanningen.

Avslaget gjelder for følgende studiesteder: Internett, Luranetunet Bu og behandlingssenter og «Andre utdanningshubber eller andre samlingspunkt i kommuner som har deltagere på utdanningen».

Vedtaket er vedlagt

NOKUTs vedtak med hjemmel, begrunnelse og informasjon er vedlagt.

Med hilsen

Kristin Vinje
administrerende direktør

Anna Collard
fung. akkrediteringsansvarlig

Dokumentet er elektronisk signert.

Kopi til:

- FAGSKULEN VESTLAND NORDNES v/ Mariann Hovland

TILSYNS- RAPPORT

Avslag på søknad om akkreditering av Fagskoleutdanning

Demensomsorg og psykisk helsearbeid til
eldre

FAGSKULEN VESTLAND NORDNES

2022



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen – er et faglig uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUTs samfunnsoppdrag, oppgaver og faglige uavhengighet er definert i universitets- og høyskoleloven og er nærmere spesifisert i forskrifter. I tillegg utfører NOKUT tilsyns- og forvaltningsoppgaver etter delegasjon fra departementet.



Formålet med NOKUTs virksomhet er å sikre og fremme kvalitet i utdanning ved

- å føre tilsyn med, informere om og bidra til å utvikle kvaliteten på norske utdanninger og institusjoner
- å godkjenne og informere om utenlandsk utdanning og informere om mulighetene for godkjenning av utenlandsk utdanning og kompetanse i Norge



NOKUTs arbeid skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten i norsk høyere utdanning, høyere yrkesfaglig utdanning og godkjent høyere utenlandsk utdanning.



NOKUT bruker rundt 900 eksterne eksperter i akkrediteringer, tilsyn, evalueringer, godkjenning av utenlandsk utdanning og prosjekter.

Du kan lese mer om arbeidet vårt på nokut.no.



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

Institusjon	FAGSKULEN VESTLAND NORDNES, organisasjonsnummer 974557525.
Fagskoleutdanningens navn	Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre
Utdanningsform	nettbasert med samlinger
Sakkyndige	Signe Tretteteig, Kathrine Pettersen Strønen, Anne Berit Fossberg og Tommy Jarl Alvez Raaen
Dato for vedtak	24.06.2022
NOKUTs saksnummer	22/01800

© NOKUT Ved bruk av materiale fra denne publikasjonen skal NOKUT oppgis som kilde.



NOKUT er sertifisert
som miljøfyrtårn

Hva søknaden gjelder

FAGSKULEN VESTLAND NORDNES søkte NOKUT til søknadsfristen 15.02.2022 om akkreditering av Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre som fagskoleutdanning.

Utdanningen er 30 studiepoeng.

Søknaden gjelder for utdanningsstedene Internett, Luranetunet Bu og behandlingssenter og «Andre utdanningshubber eller andre samlingspunkt i kommuner som har deltagere på utdanningen».

Innhold

Hva søknaden gjelder

1 Vedtak

2 Gjennomgang av kravene for fagskoleutdanning

2.1 Utdanningens navn

2.2 Utdanningens faginnhold og struktur

2.3 Samarbeid med aktører i yrkesfeltet

2.4 Overordnet læringsutbyttebeskrivelse, omfang, og nivå

2.5 Internasjonale standarder, konvensjoner og avtaler

2.6 Opptakskrav

2.7 Politiattest

2.8 Skikkethetsvurdering

2.9 Fagmiljø

2.9.1 Fagmiljø – kravene dere selv har fastsatt

2.9.2 Fagmiljø – de som er ansatt eller planlagt ansatt

2.10 Sensorer og praksisveiledere

2.10.1 Praksisveiledernes kompetanse

2.10.2 Sensorenes kompetanse

Vedlegg: Sakkyndige

1 Vedtak

De faglige kravene for akkreditering av Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre, 30 studiepoeng, nettbasert med samlinger, ved FAGSKULEN VESTLAND NORDNES, er ikke oppfylt. NOKUT akkrediterer derfor ikke utdanningen.

Se rapporten for begrunnelse for vedtaket.

Vi har fattet vedtaket med hjemmel i

- lov om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven) § 5
- forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleforskriften) § 47
- forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleforskriften) kapittel 5

Vedtaket gjelder utdanningen som er beskrevet i søknaden NOKUT mottok til søknadsfristen 15.02.2022.

Vedtaket gjelder for utdanningsstedene Internett, Luranetunet Bu og behandlingssenter og «Andre utdanningshubber eller andre samlingspunkt i kommuner som har deltagere på utdanningen».

Dere kan klage på vedtaket

Dere kan klage på dette enkeltvedtaket til oss. Klagefristen er tre uker etter at dere har mottatt vedtaket. Klagen skal nevne vedtaket dere klager på, og de endringene dere ønsker i vedtaket. Dere bør også begrunne klagen.

Dere kan ikke klage på vurderinger vi har gjort av det faglige innholdet i utdanningstilbudet. Det dere kan klage på er

- saksbehandlingsfeil, altså at NOKUT ikke har gjennomført saksbehandlingsprosessen på lovlig måte
- rettsanvendelsesfeil, altså at NOKUT har brukt feil del av regelverket, eller brukt regelverket feil
- feil faktum, altså at NOKUT har lagt til grunn feil faktagrunnlag for vår vurdering
- 18.3 Leietaker forsikrer egen innredning, fast og løst inventar, løsøre, maskiner, data, varer, driftstap/-avbrudd og eget ansvar. Leietaker forsikrer også dører og vinduer til Eksklusivt Areal.
- 18.4 Dersom Leietakers virksomhet medfører forhøyelse av Eiendommens forsikringspremier eller nye sikkerhetsforskrifter fra Utleiers forsikrings selskap som innebærer investeringer, skal Leietaker dekke kostnadene. Leietaker skal melde til Utleier ethvert forhold og/eller endring i

forhold ved virksomheten, som kan få følger for Eiendommens forsikringspremie.

19 BRANN/DESTRUKSJON

- 19.1 Blir Leieobjektet ødelagt ved brann eller annen hendelig begivenhet kan Utleier erklære seg fri fra alle rettigheter og forpliktelser under leieavtalen.

20 UTLEIERS AVTALEBRUDD

- 20.1 Leietaker kan kreve avslag i Leien i henhold til husleieloven § 2-11 som følge av forsinkelse eller mangel.

Eventuelle Utsettelsesperioder i henhold til Bilag 4 og/eller Overtakelse senere enn forutsatt i fremdriftsplanen i Bilag 5, anses ikke som forsinkelse i henhold til dette pkt. 20.1.

Hva gjelder mangel, forutsettes at mangelen er vesentlig og at mangelen ikke rettes av Utleier i henhold til bestemmelsene i husleieloven § 2-10. Leietaker må gi skriftlig melding om skader og mangler mv. innen rimelig tid etter at Leietaker burde ha oppdaget dem.

- 20.2 Leietaker kan kreve erstatning for direkte tap som følge av forsinkelse eller mangel i henhold til husleieloven § 2-13.

Eventuelle Utsettelsesperioder i henhold til Bilag 4 og/eller Overtakelse senere enn forutsatt i fremdriftsplanen i Bilag 5, anses ikke som forsinkelse i henhold til dette pkt. 20.2.

Hva gjelder mangel, forutsettes at mangelen er vesentlig og at mangelen ikke rettes av Utleier i henhold til bestemmelsene i husleieloven § 2-10. Indirekte tap dekkes ikke. Erstatningen er i Leieperioden oppad begrenset til 12 måneders leie, med mindre Utleier har handlet forsettlig eller grovt uaktsomt. Ved eventuell forlengelse av Leieperioden gjelder en ny, tilsvarende begrensnng for tap i forlengelsesperioden.

- 20.3 Leietaker har ikke rett til å holde tilbake leie til sikkerhet for de krav Leietaker har eller måtte få mot Utleier som følge av forsinkelse eller mangel.

- 20.4 Dersom Leietaker ønsker å påberope vedvarende eller gjentatt mislighold fra Utleiers side som grunnlag for heving, krever dette skriftlig forhåndsvarslng om at leieavtalen kan bli hevet dersom misligholdet ikke opphører. For øvrig gjelder husleieloven § 2-12.

21 LEIETAKERS AVTALEBRUDD/UTKASTELSE

- 21.1 Leietaker er erstatningsansvarlig for all skade som skyldes forsett eller uaktsomhet fra Leietaker selv eller folk i Leietakers tjeneste samt fremleietakere, kunder, leverandører, oppdragstakere og/eller andre personer som Leietaker har gitt adgang til Eiendommen. Erstatningsplikten omfatter også kostnader til utrydding/bekjempelse av skadedyr, utøy o.l.

- 21.2 Blir Leien eller andre tilleggsytelser ikke betalt ved forfall, og heller ikke innen 14 dager etter at Utleier deretter har sendt betalingsvarsel, kan Utleier kreve tvangsfravikelse ("utkastelse") uten søksmål, jf. tvangsfullbyrdelsesloven § 4-18 og § 13-2, tredje ledd punkt a.
- 21.3 Hvis leieavtalen er utløpt og Leietaker ikke flytter innen 14 dager etter at Utleier deretter har sendt fraflyttingsvarsel, kan Utleier kreve tvangsfravikelse ("utkastelse") uten søksmål, jf. tvangsfullbyrdelsesloven § 4-18 og § 13-2, tredje ledd punkt b.
- 21.4 Ved vesentlig mislighold av leieavtalen kan Utleier heve denne, og Leietaker skal da straks fraflytte Leieobjektet. Bestemmelsen i punkt 20.4 gjelder tilsvarende ved heving fra Utleier.
- 21.5 Dersom Leietaker blir kastet ut eller flytter etter krav fra Utleier pga. mislighold eller fraviker Leieobjektet som følge av konkurs, skal Leietaker betale Leien og andel Felleskostnader for den tid som måtte være igjen av Leieperioden. Betalingsplikten gjelder bare i den utstrekning Utleier ikke får dekket sitt tap gjennom annen utleie av Leieobjektet. Leietaker må også betale de omkostninger som utkastelse, søksmål og rydding/rengjøring av Leieobjektet fører med seg. Det samme gjelder eventuelle kostnader til tilbakestillelse av Leietakers arbeider og kostnader til ny utleie.

22 FRAFLYTTING

- 22.1 Ved fraflytting skal Utleier umiddelbart gis adgang til Eksklusivt Areal.
- 22.2 Ved fraflytting skal Leietaker tilbakelevere leieobjektet med tilhørende utstyr i alminnelig god stand, dog slik at Utleier må akseptere normalt slit og elde. Leieobjektet skal være ryddet, og alle deler av leieobjektet med tilbehør, herunder vinduer, vegger og tak, skal være rengjort. Leieobjektet skal tilbakeleveres med eventuelle nøkler og adgangskort utstedt av Utleier.
- 22.3 I god tid før utløpet av Leieperioden skal det avholdes en felles befaring mellom Leietaker og Utleier for å avtale eventuelle nødvendige arbeider som skal utføres for å bringe Leieobjektet i den stand det skal være ved fraflytting.
- 22.4 Utleier kan utbedre mangler som Leietaker ikke har utbedret, for Leietakers regning. Dersom Utleier ikke gjennomfører slik utbedring, skal Leietaker likevel kompensere Utleier for de kostnader som ville medgått dersom utbedring hadde vært foretatt, uavhengig av Leieobjektets bruk etter fraflytting.
- 22.5 I de siste 12 måneder før fraflytting skal Leietaker, etter forhåndsvarsel, gi leiesøkende adgang til Eksklusivt Areal i alminnelig kontor-/forretningstid.
- 22.6 Leietaker skal senest siste dag i Leieperioden på egen bekostning fjerne sine eiendeler. Eiendeler som ikke fjernes skal anses etterlatt, og tilfaller Utleier. Utleier kan kaste eller fjerne søppel og eiendeler som Leietaker har etterlatt, for Leietakers regning.

23 TINGLYSING/PANTSETTELSE

- 23.1 Leieavtalen kan ikke tinglyses uten Utleiers skriftlige forhåndssamtykke. En eventuelt tinglyst leieavtale skal ikke ha opptrinnsrett, og den skal vike prioritet for nye pengeheftelser som Utleier måtte la tinglyse på Eiendommen. Leietaker skal medvirke til at slik prioritetsvikelse gjennomføres. Leietaker gir Utleier ugjenkallelig fullmakt til å slette den tinglyste leieavtalen på det tidspunkt leieforholdet opphører. Kostnader forbundet med tinglysing og sletting av leieavtalen dekkes av Leietaker.
- 23.2 Leieavtalen kan ikke pantsettes uten Utleiers skriftlige forhåndssamtykke. Utleier kan stille vilkår for pantsettelsen. Leietaker gir Utleier ugjenkallelig fullmakt til å slette pantsettelsen på det tidspunkt leieforholdet opphører.

24 FREMLEIE

- 24.1 Fremleie av Leieobjektet, helt eller delvis, må ikke finne sted uten Utleiers skriftlige forhåndssamtykke. Eventuelt avslag må være saklig begrunnet. Leietaker kan fremleie til datter og søsterselskap uten samtykke av utleier.

25 OVERDRAGELSE

- 25.1 Leietaker kan ikke uten skriftlig forhåndssamtykke fra Utleier overdra hele eller deler av leieavtalen. Samtykke krever saklig grunn.
- 25.2 Leietaker kan ikke uten skriftlig forhåndssamtykke fra Utleier delta i en fusjon eller fisjon som vesentlig forringer Leietakers evne til å oppfylle sine forpliktelser under leieavtalen. Samtykke kan nektes på fritt grunnlag.
- 25.3 Manglende svar på søknad om samtykke etter bestemmelsene i dette punkt 25 anses ikke som samtykke.
- 25.4 Dersom Utleier overfører sine rettigheter og forpliktelser etter leieavtalen skal Leietaker stille ny sikkerhet overfor ny eier i samsvar med punkt 11.

26 FORHOLDET TIL HUSLEIELOVEN

- 26.1 Følgende bestemmelser i husleieloven gjelder ikke: §§ 2-15, 3-5, 3-6, 3-8, 4-3, 5-4 første ledd, 5-8 første til og med fjerde ledd, 7-5, 7-6, 8-4, 8-5, 8-6 annet ledd, 10-5 og 10-6. For øvrig er det denne leieavtalen som gjelder i de tilfeller der den har andre bestemmelser enn hva som følger av husleielovens fravelige regler.

27 LOVVALG OG TVISTELØSNING

27.1 Denne leieavtalen reguleres av norsk rett.

27.2 Eiendommens verneting vedtas i alle tvister som gjelder leieavtalen.

28 BILAG TIL LEIEAVTALEN

Bilag 1: Firmaattest/legitimasjon for Utleier og Leietaker og eventuelle fullmakter

Bilag 2: Tegninger

Bilag 3: Leveringsbeskrivelse

Bilag 4: Bestemmelser om endring i Kravspesifikasjonen

Bilag 5: Fremdriftsplan

Bilag 6: Eksempler på kostnader som inngår i Felleskostnadene, samt fordelingsnøkkelen

Bilag 7: Skjema for overtakelsesprotokoll

Avtalen er underskrevet ved bruk av Bank ID og elektronisk signering gjennom Penneo.

BILAG 3 – LEVERINGSBESKRIVELSE FOR EKSKLUSIVT AREAL

1 Overflater

Eksklusivt Areal blir bygget/innredet og levert med følgende standard overflater:

ROM	GULV	VEGG	TAK	ØVRIG
Gang/vrimle/fellesareal	Teppeflis	1 lag gips, malt overflate, glass mot gangareal	Systemhimling/ope tak	Dører, lydkrav etc.
Styre-/møte-/videorom	Teppeflis	1 lag gips, malt overflate, glass mot gangareal	Systemhimling/ope tak	
Kontor/landskap	Teppeflis	1 lag gips, malt overflate, glass mot gangareal	Systemhimling/ope tak	
Toalett	Golvbelegg	Baderomsplater Fibo-Trespo	Systemhimling/ope tak	
Teknisk/lager	Teppeflis	1 lag gips, malt overflate	Systemhimling/ope tak	
Print/kopi	Teppeflis	1 lag gips, malt overflate	Systemhimling/ope tak	
Kjøkken	Teppeflis	IA	Systemhimling/ope tak	

Ytterligere spesifisering vil fremgå av leveringsbeskrivelse/romskjema fra entreprenør. Leveringsbeskrivelse/romskjema vil bli gjort til en del av dette bilaget så snart disse foreligger.

Eventuelle endringer eller oppgraderinger av overflater må avtales i tråd med vilkårene i bilag 4; Endringer i kravspesifisering.

2 Elektro/Tele/Data

Spesifisering vil fremgå av leveringsbeskrivelse/romskjema fra (under)entreprenør. Leveringsbeskrivelse/romskjema vil bli gjort til en del av dette bilaget så snart disse foreligger.

Eventuelle endringer eller oppgraderinger av overflater må avtales i tråd med vilkårene i bilag 4; Endringer i kravspesifisering.

3 Lås/Beslag

Spesifisering vil fremgå av leveringsbeskrivelse/romskjema fra (under)entreprenør. Leveringsbeskrivelse/romskjema vil bli gjort til en del av dette bilaget så snart disse foreligger.

Eventuelle endringer eller oppgraderinger av overflater må avtales i tråd med vilkårene i bilag 4; Endringer i kravspesifisering.

4 Ventilasjon

Spesifikasjon vil fremgå av leveringsbeskrivelse/romskjema fra (under)entreprenør.
Leveringsbeskrivelse/ romskjema vil bli gjort til en del av dette bilaget så snart disse foreligger.

Eventuelle endringer eller oppgraderinger av overflater må avtales i tråd med vilkårene i bilag 4;
Endringer i kravspesifikasjon.

5 VVS

Spesifikasjon vil fremgå av leveringsbeskrivelse/romskjema fra (under)entreprenør.
Leveringsbeskrivelse/ romskjema vil bli gjort til en del av dette bilaget så snart disse foreligger.

Eventuelle endringer eller oppgraderinger av overflater må avtales i tråd med vilkårene i bilag 4;
Endringer i kravspesifikasjon.

6 Kjøkken

Spesifikasjon vil fremgå av leveringsbeskrivelse/romskjema fra (under)entreprenør.
Leveringsbeskrivelse/ romskjema vil bli gjort til en del av dette bilaget så snart disse foreligger.

Eventuelle endringer eller oppgraderinger av overflater må avtales i tråd med vilkårene i bilag 4;
Endringer i kravspesifikasjon.

BILAG 4 - ENDRINGER I KRAVSPESIFIKASJONEN

1. BAKGRUNN

- 1.1 Utleier og Leietaker har inngått leieavtale (**Leieavtalen**), hvor det som Bilag 1 og 2 er fremlagt tegninger og leveringsbeskrivelse, samlet betegnet **Kravspesifikasjonen**. I henhold til Leieavtalen skal Utleier per Overtakelse levere Leieobjektet i samsvar med Kravspesifikasjonen.
- 1.2 Utleier og Leietaker har rett til å kreve endringer i Kravspesifikasjonen i den utstrekning slik rett følger av dette bilaget til Leieavtalen (med underbilag).

2 UTLEIERS ENDRINGER I KRAVSPESIFIKASJONEN FOR EKSKLUSIVT AREAL

- 2.1 Utleier kan foreta endringer i Kravspesifikasjonen for Eksklusivt areal dersom dette er nødvendig for å tilfredsstille uforutsette offentligrettslige krav, herunder krav fra bygningsmyndigheter, antikvarmyndigheter mv.
- 2.2 Utleier kan videre foreta andre nødvendige endringer i Kravspesifikasjonen for Eksklusivt Areal i forbindelse med prosjekterings- og byggeprosessen.
- 2.3 Utleiers endringer etter dette punkt 2 skal meddeles Leietaker skriftlig.
- 2.4 Leietaker kan ikke påberope seg endringer foretatt av Utleier i henhold til dette punkt 2 som grunnlag for leiereduksjon, mangelskrav eller andre sanksjoner overfor Utleier.

3 ENDRINGER I KRAVSPESIFIKASJONEN FOR ØVRIG AREAL

- 3.1 Utleier kan foreta større endringer i Kravspesifikasjonen for øvrig areal (areal som ikke inngår i Leietakers Eksklusive areal) dersom dette er nødvendig for å tilfredsstille uforutsette offentligrettslige krav, herunder krav fra bygningsmyndigheter, antikvarmyndigheter mv. Utleier kan også gjøre større endringer dersom dette er nødvendig i prosjekterings- og byggeprosessen, av hensyn til andre leietakere, eller av hensyn til optimal utnyttelse av arealene i bygget.
- 3.2 Leietaker får ingen særskilt meddelelse om Utleiers endringer etter dette punkt 3.
- 3.3 Leietaker kan ikke påberope seg endringer foretatt av Utleier i henhold til dette punkt 3 som grunnlag for leiereduksjon, mangelskrav eller andre sanksjoner overfor Utleier.

4 LEIETAKERS ENDRINGER I KRAVSPESIFIKASJONEN

- 4.1 I dette punkt 4 henvises det nedenfor til Utleiers avtale (**Entreprisavtalen**) med Utleiers entreprenør (**Entreprenøren**).
- 4.2 Leietaker vil, i løpet av byggeprosessen, få fremlagt en beslutningsplan fra Entreprenøren med valgmuligheter innenfor rammene av Kravspesifikasjonen. Valg innenfor rammen av beslutningsplanen gir ikke Utleier rett til særskilt kostnadsdekning eller annen kompensasjon, og heller ikke rett til utsatt Overtakelse. Reguleringen i avsnittene 4.3 til 4.12 nedenfor gjelder endringer som ikke inngår som en del av Leietakers valgmuligheter etter beslutningsplanen.

4.3 Leietaker har rett til å fremme ønsker om endringer/tillegg i Kravspesifikasjonen overfor Utleier (**Endringsønsker**). Endringsønsker skal sendes skriftlig til Utleier.

4.4 Utleier kan avvise å utføre et Endringsønske dersom dette

- omfatter endringer som Entreprenøren har rett til å nekte å utføre i henhold til Entreprisavtalen,
- inngis til Utleier senere enn 15. Mai 2023
- medfører tiltak som er i strid med offentligrettslige og/eller privatrettslige krav til Leieobjektet, herunder forhold til naboer, reguleringsplan mv.,
- medfører tiltak som krever godkjenning, nye tillatelser mv. fra offentlige myndigheter, naboer mv., og slik godkjenning/tillatelse ikke kan oppnås innen rimelig tid,
- medfører tiltak som endrer det samlede areal av Leieobjektet med mer enn 100 kvm. BTA sammenlignet med de tall som fremkommer av Kravspesifikasjonen, eller
- medfører tiltak som etter Utleiers vurdering vesentlig endrer Leieobjektets arkitektoniske uttrykk og kvalitet.

4.5 Utleier skal, innen 20 arbeidsdager etter at Utleier har mottatt et Endringsønske, gi Leietaker skriftlig tilbakemelding på om Endringsønsket aksepteres eller avvises.

4.6 Dersom Endringsønsket aksepteres, skal Utleier innen samme frist sende Leietaker et endringstilbud (**Endringstilbudet**). Endringstilbudet skal være bindende for Utleier. Utleiers eget arbeid skal imidlertid godtgjøres basert på medgått tid som angitt i punkt 5 nedenfor. Endringstilbudet skal minimum inneholde:

- Oversikt over kostnaden ved å gjennomføre endringen (**Endringskostnaden**), se punkt 5 nedenfor.
- Angivelse av den utsettelse av Overtakelse, i antall dager som forventes å bli en konsekvens av Endringsønsket. Perioden fra opprinnelig avtalt Overtakelse til nytt tidspunkt for Overtakelse benevnes **Utsettelsesperioden**, se nærmere under punkt 4.10 nedenfor.

Selv om Endringstilbudet innebærer tidsbesparelse for Utleier, er Utleier ikke forpliktet til å fremskynde Overtakelse.

4.7 Leietaker kan velge om Leietaker ønsker endringen utført, med de konsekvenser som følger av Endringstilbudet, eller ikke ønsker endringen utført.

4.8 Dersom Leietaker ønsker endringen utført, må Leietaker sende en endringsordre (**Endringsordren**) til Utleier senest 14 dager etter at Utleier har sendt Endringstilbudet til Leietaker. Endringsordren innebærer for Leietaker en aksept av Endringstilbudet, herunder av Endringskostnaden og utsettelse av ferdigstilling/Overtakelse. Dersom Endringsordren ikke er mottatt innen fristen på 14 dager, skal Endringsønsket og Endringstilbudet anses bortfalt.

[Forslag til tilleggstekst dersom partene er enige om at Endringsordren skal utføres selv om det er uenighet om beregningen av Endringskostnaden: Dersom Leietaker mener at Endringskostnaden ikke er korrekt beregnet av Utleier i Endringstilbudet, kan Leietaker ved innsendelse av Endringsordren ta forbehold om dette. Leietaker skal i Endringsordren grunngi forbeholdet og oppgi hva Leietaker mener er korrekt beregning av Endringskostnaden. Endringsordren skal utføres av Utleier selv om Leietaker har tatt forbehold om Endringskostnadens størrelse. Den endelige Endringskostnaden beregnes per Overtakelse basert på den faktisk påløpte kostnad til utførelse av endringen, i henhold til prinsippene i punkt 4I.]

- 4.9 Utleier skal føre Endringsordren i en endringslogg, som skal sendes Leietaker. Endringsloggen skal oppdateres for hver Endringsordre som etableres.
- 4.10 Dersom Endringsordren medfører utsettelse av ferdigstilling, skal ny dato for Overtakelse settes til det opprinnelige tidspunkt for Overtakelse med tillegg av Utsettelsesperioden som oppstår etter Endringsordren og eventuelle Utsettelsesperioder henhold til tidligere Endringsordre.
- 4.11 Leietaker skal betale full Leie for Leieobjektet i Utsettelsesperioden.

5 BEREGNING OG BETALING AV ENDRINGSKOSTNADEN

- 5.1 Dersom Leietaker ikke aksepterer endringstilbudet, skal Leietaker etter påkrav fra Utleier dekke Utleiers eksterne kostnader til utarbeidelsen av Endringstilbudet. De eksterne kostnadene inkluderer eventuelt tilleggsvederlag til Entreprenøren, arkitekter mv.
- 5.2 Dersom Endringstilbudet aksepteres, skal Leietaker dekke Endringskostnaden. Endringskostnaden utgjør de merkostnader som oppstår som en konsekvens av Endringsønsket, herunder kostnadene til utarbeidelsen av Endringstilbudet, kostnader til Entreprenøren, eksterne rådgivere, kostnader til rigg og drift som ikke omfattes av kostnader til Entreprenøren, finanskostnader, samt eventuell ikke fradragsberettiget merverdiavgift på disse kostnadene.
- 5.3 Dersom Endringstilbudet medfører reduserte kostnader for Utleier, skal besparelsen redusere den samlede Endringskostnaden. Hvis de samlede besparelser som følger av Endringsordrer er større enn de samlede merkostnader, oppstår det imidlertid ingen betalingsforpliktelse fra Utleier til Leietaker.
- 5.4 Den samlede Endringskostnaden forårsaket av Leietakers Endringsordrer skal betales av Leietaker. Leietaker kan velge å enten betale Endringskostnaden ved et årlig tillegg til Leien over Leieperioden (annuitet), eller ved en enkeltstående nedbetaling av hele Endringskostnaden.
- 5.5 Dersom Leietaker velger å betale Endringskostnaden ved et årlig tillegg til Leien over Leieperioden, skal den beregnede tilleggsleien legges til den ordinære Leien og følge Leieavtalens øvrige bestemmelser, herunder betalingsbestemmelser, indeksregulering, merverdiavgiftsbehandling mv.

BILAG 5 - FREMDRIFTSPLAN

Fremdriftsplan fra entreprenør inntas som en del av dette bilaget så snart denne foreligger.

Ferdigstillelse og Overtakelse skal skje senest 24 måneder etter oppstart byggearbeider, med tillegg av eventuelle Utsettelsesperioder i henhold til Bilag 4. Planlagte rivningsarbeider inngår ikke som en del av byggearbeidene. Estimert oppstart byggearbeider er november 2022.

BILAG 6 - FELLESKOSTNADER

FORDELINGSNØKKELE

Oppregningen nedenfor er ment som eksempler på forhold som inngår i Felleskostnadene dersom tilbudet eksisterer, og ikke som en angivelse av hva som skal inngå per leiestart. Innholdet vil kunne endre seg i Leieperioden, for eksempel som følge av innføring av nye servicetilbud eller offentligrettslige krav.

- Strøm til oppvarming og belysning av Fellesareal (herunder trapper), heiser, kjøleanlegg, ventilasjonsanlegg, varmtvannstanker, utelys, varmekabler i takrenner, branntekniske anlegg, portanlegg, sikkerhetsinnretninger og andre forhold installert i Fellesareal.
- Olje, gass etc. til oppvarming av Fellesareal og andre fellestjenester som ikke avregnes mot den enkelte leietaker etter eget forbruk.
- Offentlige avgifter, herunder vann, kloakk, feiing, renovasjon og øvrige avgifter som eventuelt måtte tilkomme/foreligge.
- Eiendomsskatt og øvrige særlige skatter som eventuelt måtte tilkomme/foreligge.
- Rengjøring og renovasjon, herunder trappevask og rengjøring av Fellesareal, håndtering/rensing mv. av matter i Fellesareal (herunder trapper), utrydding/bekjempelse av skadedyr, utøy ol., utvendig vindusvask, rengjøring av utstyr for solavskjerming, fjerning av tagging/graffiti, leie, kjøring og tømming av søppelcontainer mv.
- Tilsyn, service og vedlikehold av heiser, sanitæranlegg, kjøleanlegg, ventilasjonsanlegg, alle branntekniske installasjoner (herunder alarm og sikkerhetsanlegg), porter, innendørs Fellesareal, utendørs Fellesareal, vinduer utvendig, utstyr for solavskjerming osv., herunder vaktmestertjeneste.
- Resepsjonstjeneste, vakthold.
- Øvrige serviceytelser, herunder gartner og annen rydding/vedlikehold på utendørsarealer, snømåking av utearealer, parkeringsplasser, fortau og tak, bortkjøring av snø, kosting og renhold av nevnte arealer, utvendig vaktmestertilsyn mv.
- Administrasjonspåslag på 5 % på alle kostnader som fremkommer av ovenstående.

Peak Måløy – Fagskolen Vestland



Innhald

1. Bakgrunn
2. Peak Måløy – Fagskulen
 1. Teikningar, plan 1 – 5
 2. Leveransebeskrivelse overflater
 3. Leveransebeskrivelse teknisk
3. Byutvikling, miljø og bærekraft
4. Litt historie
5. Vedlegg
 1. Utkast leigeavtale med bilag
 2. Romskjema Peak Måløy (excel) med tilhøyrande ytelseserklæringar A - L
 3. Teknisk leveransebeskrivelse Fagskulen
 4. Peak Måløy Arealfordeling (excel)
 5. Plan 1 – 5 BTA pr enhet



1. Bakgrunn

PEAK Property AS, som står bak Cowork klyngene PEAK Sunnfjord og PEAK Florø, har saman med Måløy Vekst samarbeidd for å sjå på potensiale for å utvikle eit tilsvarande konsept i Måløy – eit Blått kompetansesenter

PEAK konseptet består av å tilby moderne, arealeffektive og inspirerende kontorløysingar med fokus på trivsel, læring og kunnskapsdeling. Eit slikt konsept vil og bidra til nettverksbygging og utvikling av både bedrifta og dei tilsette.

Konsepta i Førde og Florø har vore svært attraktive og gitt nasjonal merksemd. Næringslivet i Måløy er offensivt, internasjonalt og robust. PEAK har saman med Måløy Vekst sterk tru på at dette vil kunne vere eit viktig og nytt tilbod også her. Ein vil også gjennom dette på ein endå betre måte kople saman næringslivet i ein felles «HUB» i Sogn og Fjordane.

Våren 2020 vart det inngått avtale om kjøp av Amtskaja 18 – 22 i Måløy sentrum. I 2021 vart føretaket Peak Måløy AS skipa og det er dette selskapet som no eig eigedomen.

Ein har brukt heile 2021 og så langt 2022 på prosjektutvikling og teikningsarbeid i samarbeid med Salt arkitekter. Ein er no ferdig med prosjektfasen og klar for å sende søknad om rammeløyve til Kinn kommune ila juni.

Med atterhald om tilstrekkeleg tal leigetakarar vil prosjektet bli realisert. Det er planlagt oppstart med rive og bygningsarbeid hausten 2022, med ferdigstilling seinast 24 månader etter oppstart (hausten 2024).

Prosjektet vil vere eit stort løft for sentrum av Måløy, auke attraktiviteten i regionen og gi eit løft til næringslivet.




2. Peak Måløy – Fagskulen Vestland

Peak Måløy AS er totalt 8 200 kvm BTA. Kontor og fellesareal utgjør ca. 6 650 kvm. Eigen kjøkken/restaurant utgjør ca. 550 kvm. I tillegg utgjør alt parkeringsareal for bil og sykkel ca. 1000 kvm.

Fagskulen Vestland har tilbud om å leige ca. 1 316 kvm eksklusivt areal i 3. og 4. etasje. Dette er rom 301-A, 301-B og 403 (301-C). I tillegg disponerer Fagskulen alt fellesareal i bygget, og dykkar andel av dette utgjør om lag 20% (ca. 360 kvm). I fellesareal inngår hovudinngang med foaje, trapperom, tekniske rom, gangareal og auditorium. I 1. etasje er det 10 p-plassar for gjestar samt felles sykkelparkering og garderobeanlegg med dusj.

Sum totalt leigeareal for Fagskulen er ca. 1 676 kvm.









2.2 Leveransebeskrivelse - overflater

Oversikt over innvendige kvalitetar med tilhøyrande spesifikasjon ligg vedlagt i **Vedlegg 2 – Romskjema Peak Måløy**. Sjå også tilhøyrande ytelseserklæringar for kvart produkt.

Dette er minimum leveranse. Det er mogeleg å gjere endringar på val av innvendige kvalitetar og fargeval på kvart produkt fram til og med 1. april 2023.

Oppsummert vil innvendige overflater for Fagskulen være:

Golv: Teppesflis (mørk) på golv på kontor og i møterom. Flis på toalett og vinylbelegg på teknisk rom/lager.

Vegg: Kontor/møterom er malte gipsplater og/eller glassvegg med svart ramme. I tillegg malte betongveggar. Innvendig glassvegg er 12 mm breidde (34 db labmålt). Vegg på bad er kvit våtromsplate.

Tak: Alle tak blir levert anten med kvit/svart systemhimling og opa himling med malte tak.



2.3 Leveransebeskrivelse – teknisk

Oversikt over tekniske kvalitetar med tilhøyrande spesifikasjon ligg vedlagt i **Vedlegg 3 – Teknisk leveransebeskrivelse Fagskulen**.

Peak Måløy vil ha normalt god teknisk standard. Kort oppsummert vil ein ha følgjande kvalitet:

- Oppvarming: Vannbåren varme. Varmekilde er varmepumpe medelektrokjel som spisslast og sikring. Det er ynskjeleg å få til sjøvarme som varmekilde, og ein jobbar med å kartleggje dette. Alternativ varmekilde er luft til vatn.
- Ventilasjon: Balansert behovsstyrt ventilasjon (KlimaTak). Behovsstyring styres via KNX-bus.
- Elektro: LED panel i himling for kontor. Styrerom har langsgående pendelarmatur. Noko supplement med down-ight. Generell lysstyring skjer med bevegelsesdetektor og dimming på møterom. Greinstav for alle arbeidsplassar med 6x230v uttak. Data til arbeidsplassar er tenkt dekket av wifi (datapunkt per kontor vil medføre eit tillegg per punkt). Fast datapunkt på møterom og kopirom.
- Romstyring: Det blir levert felles styresystem for lys, varme og ventilasjon. På kontor, møterom og styrerom vil lys og luft slå seg på ved registrering av bevegelse. Varme og kjøling vert styrt etter temperatur med mogelegheit for lokale tilpassingar. Møterom har dimmar på lys, samt at luftmengde her vert styrt av co2 nivået i lufta.
- Adgangskontroll: Det vert montert eit fleksibelt system for adgangskontroll, men minimum adgangskontroll og kortlesar ved hovudinngang, samt kvar enkelt leigetakar. Ein kan utvide anlegget til å dekke dører internt hos leigetakarar.
- SD Anlegg: Bygget har eige SD anlegg kor romstyring er tilknytt.





PEAK
MÅLØY



5.ETG ALTAN
STYREROM
DIN LOGO

4.ETG FORUM
DIN LOGO
DIN LOGO

3.ETG AUDITORIUM
DIN LOGO
DIN LOGO

2.ETG KANTINE
DIN LOGO
DIN LOGO

1.ETG ATRIUM
PARKERING



PEAK
MÅLØY




LOCALHOST



DIN LOGO

IV

DIN LOGO



99

PEAK
MÅLØY



LOCALHOST

CE
DIN LOGO

IV
DIN LOGO





2

1



-  DAME GARDEROBE
-  HERRE GARDEROBE
-  SYKKELPARKERING
-  BILPARKERING



4.ETG FORUM
DIN LOGO
DIN LOGO

3.ETG AUDITORIUM
DIN LOGO
DIN LOGO

2.ETG DIN LOGO
DIN LOGO

1.ETG ATRIUM
PARKERING

DAME GARDEROBE

HERRE GARDEROBE


SYKKELPARKERING

102





AUDITORIUM




AUDITORIET BOOKINGLISTE

- 20.05 Fagskolen
- 22.05 Måløy Vekst
- 27.05 Local Host
- 01.06 Felles Arrangement 10:00 - 12:00
- 01.06 Fagskolen Seminar 17:30 - 20:00











402













3. Byutvikling, miljø og bærekraft

Peak Måløy får adresse Amtskaia 18 – 22. Eigedomen grensar i dag opp mot sentrum av Måløy. Kinn kommune har nyleg lagt ut ny revidert sentrumsplan for høring og ein legg til grunn politisk hansaming av denne i løpet av hausten 2022. I ny plan er Amtskaia regulert til blanda sentrumsformål med utgangspunkt i kontor/bustad mm. Samtidig pågår det eit eige prosjekt i regi av Måløy Vekst som heiter [SmartBy Måløy](#), som ser på mobilitet, næringsutvikling, byplanlegging og tjenesteproduksjon.

Eit prosjekt som Peak Måløy er eit konkret eksempel på område allereie etablerte prosjekt i kommunen jobbar med og eit godt svar på vidare sentrumsutvikling. Prosjektet er eit viktig bidrag til utviklinga av Måløy sentrum i tråd med dei retningslinjer politikarane og kommune jobbar mot. Prosjektet er viktig for regionen, særleg med tanke på attraktivitet og rekruttering av både nyutdanna og ressursar med erfaring.

Prosjektet er planlagt med sterkt fokus på bærekraft. Peak Måløy er ei ombygging av eldre, eksisterande bygningsmasse kor ein vil oppnå ein svært høg prosent av gjenbruk. Slike prosjekt har langt høgare miljøprofil enn eit nybygg då ein slepp å gjere store tomteingrep, samt vesentlig mindre ressursbruk av ny betong, stål og anna bygningsmateriell.

4. Litt historie

EMY Buda vart opprinneleg bygd og drive av føretaket Kvalheim & Co saman med A. Øsmundsvaag. Kvalheim og Co vart starta av tre gardbrukarar i 1922. I tillegg til å drive og utvikle fiskemottak hadde dei også pelsdyrfarm i Vedvik, samt at dei i 1965 var ein av dei første som starta med fiskeoppdrett i Sogn og Fjordane. Dei etablere då eit oppdrettsanlegg i Bastavika og fleire anlegg etter det.

På 1950- talet vart denne buda bygd ut til det største produksjons- og fryserianlegget for sild og fisk i Måløy. Buda beholdt posisjonen som det største fryseriet i Måløy vidare gjennom 60- og 70- talet.

Etter ei omorganisering bytte firmaet namn til Kvalos AS. Dette føretaket vart avvikla på 1980-talet og den store sjøbua med fryseri og isproduksjon vart kjøpt av Domstein-gruppa. Heile anlegget vart seld vidare til EMY Fish AS i 1993, og derav dagens namn, EMY buda. I 2010 vart EMY Fish kjøpt opp av Norway Pelagic, som i dag heiter Pelagia.

Pelagia selde så eigedomen til lokale eigarar frå Måløy, men tinglyste samstundes ei erklæring vedrørende begrensing i råderett som sier at eigedomen ikkje kan nyttast til produksjon, innfrysing eller bearbeiding av pelagisk fisk fram til og med 31.12.2036.

Med denne avgrensinga har bygget liten verdi for produksjonsselskap, og ein har sidan då sett på alternative bruksområde.

5. Vedlegg

1. Utkast leigeavtale med bilag
2. Romskjema Peak Måløy (excel) med tilhørende ytelseserklæringer A – L
3. Teknisk leveransebeskrivelse Fagskulen
4. Peak Måløy arealfordeling (excel)
5. Plan 1 – 5 BTA pr enhet



Mulighetsstudie fagskole og akvahall – Alt. 1_med fagskole



- Akvahall på nivå med plan 1 bygg D
- Fagskole på nivå med plan 2 bygg D og mesanin i akvahall
- Areal Akvahall: ca. 1200m² BTA (fotavtrykk ca. 600m²)
- Areal fagskole: ca. 1150m² BTA, 2 etasjer, (fotavtrykk ca. 600m²)

Nybygg Fagskole

Nybygg Akvahall



SAKSUTGREIINGAR OG VEDTAK FRÅ STYRET I FAGSKULEN SOGN OG FJORDANE:

STYRET FOR FAGSKULEN I SOGN OG FJORDANE

Saksnr.: 18/21 **Møtedato:** 1.11.2021 **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**

Sakshandsamar: Reidar Grønli

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane	1.11.2021	18/21

Flytting av avdeling Måløy sine undervisningslokale til PEAK Måløy

VEDTAK:

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Styret vedtek å flytte undervisningslokala for Fagskulen i Sogn og Fjordane, avdeling Måløy til PEAK Måløy
2. Styret ser positivt på å styrke samarbeidet med høgare utdanning og lokalt næringsliv i Måløy
3. Føresetnad for flytting er at skuleeigar ved avdeling for bygg og eigedom godkjenner teikningar og kostnader for det nye undervisningsarealet.

SAKSFRAMSTILLING

Rektor viser til SAK 23/2020 og sak 14/2021

Sak 14/2021 Flytting av avdeling Måløy sine undervisningslokale til PEAK Måløy

VEDTAK:

1. Styret tek orienteringa og vedtak i sak 23/20 til vitande.
2. Styret ønskjer også å få utgreia konsekvensar i forhold til utbygging av dagens undervisningslokale og framleis å vere lokalisert i dagens område i Deknepollen.

SAK 23/2020 Nye undervisningslokale for avdeling Måløy

VEDTAK:

Styret gir rektor høve til å arbeide fram eit grunnlag der styret kan vurdere eventuell flytting av undervisningslokale ved avdeling Måløy til PEAK Property AS sine lokale i Måløy.

Avdeling for bygg og eigedom må involverast i utarbeiding av grunnlaget for flytting.

SAKSUTGREIING

Saken er utgreia i styresakene 23/2020 og 14/2021 som er vedlagt.

Rektor peikar på dei sentrale elementa i saken.

Det er stadfesta at Fagskulen i Sogn og Fjordane avdeling Måløy har behov for nye undervisningslokale. Det ligg føre to alternativ;

1. Lokalisert til dagens område i Deknepollen
2. Lokalisert til PEAK Måløy

Alternativ 1

Dersom lokalisering i dagens område skal vere aktuell seier avdeling for eigedom at det må byggast nye lokale. Ut i frå eit økonomisk perspektiv vil dette ikkje vere uaktuelt i dei nærmaste åra.

Alternativ 2

Dersom vi skal lokalisert til PEAK Måløy må Vestland Fylkeskommune ved Fagskulen Vestland avdeling Måløy leige lokale hos PEAK Måløy.

Logistikk

Det har vert peika på transport som ei utfordring når undervisningslokala og lab-fasilitetane blir lokalisert på kvar sin plass. Avdelinga i Måløy ser dette som eit minimalt problem. Alle studentane ved Fagskulen må per i dag køyre til dagens undervisningsstad på Deknepollen. Det betyr at dei køyrer til skulen kvar dag. Organiseringa av skulekvardagen for studentane ved ei eventuell flytting blir heile dagar på undervisningsstaden og heile dagar ved laben. Det betyr at dei må køyre kvar dag framleis, men nokre dagar til laben og nokre dagar til undervisningslokala. Kanskje det kan bli litt mindre køyring ved flytting til PEAK Måløy fordi hyblane til studentane ligg i sentrum av Måløy.

Økonomi:

Leigeutgiftene for dei to alternativa vil bli den same. Avdeling for Eigedom ber kostnaden for leige i dei lokala Vestland Fylkeskommune gjennomfører undervisningsaktivitet. Same prinsipp gjeld for dei vidaregåande skulane.

Samhandling mellom næringslivet i Måløy og utdanningsinstitusjonar i Måløy:

Næringslivet i Måløy har nært samarbeid med fleire utdanningsinstitusjonar. NMBU på Ås, HVL og Fagskulen Vestland. Dei arbeidar også saman med MARKOM (prosjekt for maritim utdanning) ifht korte fleksible utdanningar. Dette ønsker Måløy Vekst, utdanningsinstitusjonane og næringslivet å samle i eit blått kompetansesenter. Det betyr at det blir lagt opp til eit studentmiljø for høgskule i Måløy som inkluderer Fagskulen og prosjektet Utdanningshub. Det er også ønske om å samarbeide med Sikkerheitssenteret til Måløy VGS og opplæringsfartøyet.

Å samle utdanningane til ein heilskap vil fremme næringslivet sitt behov for kompetanse i Måløy og Kinn kommune. Det vil og kunne bidra med kompetanse og forskning nasjonalt.

Følgande orienteringar vil bli gitt på styremøte:

11.15 Måløy Vekst – Randi Humborstad
11.25 PEAK Måløy - Pål Anders Kårstad
11.30 Eigendom – Jan Tore Rosenlund

Vedlegg 1: Saksutgreiing sak 23/2020 og 14/2021

Vedlegg 2: Kjøpekontrakt Amtskaia

Vedlegg 3 PEAK Måløy 3. etg Fagskulen

STYRET FOR FAGSKULEN I SOGN OG FJORDANE

Saksnr.:	Møtedato:	Arkivsaksnr.:	L.nr.:
14/21	15.9.2021		

Sakshandsamar: Reidar Grønli

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane	15.9.2021	14/21

Flytting av avdeling Måløy sine undervisningslokale til PEAK Måløy

Orienteringssak, løypemelding.

SAKSFRAMSTILLING

Rektor viser til SAK 23/2020

SAK 23/2020 Nye undervisningslokale for avdeling Måløy

VEDTAK:

Styret gir rektor høve til å arbeide fram eit grunnlag der styret kan vurdere eventuell flytting av undervisningslokale ved avdeling Måløy til PEAK Property AS sine lokale i Måløy.

Avdeling for bygg og eigendom må involverast i utarbeiding av grunnlaget for flytting.

Oppdatert saksutgreiing frå sak 23/2020:

Fagskulen avdeling Måløy har lenge arbeid for å skaffe seg større areal til undervisning. Med dei undervisningsareala/klasseromma vi har i dag, kan vi ta inn om lag 14 studentar i kvar klasse. Vi ønskjer å ha klassar med om lag 25 studentar. Dersom vi aukar klassetalet til 25 studentar, vil økonomisk potensialet vere eit auka resultatbasert statleg tilskot på kr 1 000 000 (60 studentar x kr 18 000). Lønnskostnadene til lærarane vil ikkje auke. I tillegg har avdeling Måløy fått godkjent studiet «Leiing i havbruksoperasjonar». Det betyr at vi har behov for eit nytt klasserom.

Personalet ved avdelinga har arbeidsforhold per i dag som ikkje tilfredsstillar HMS-krav. Det er ikkje personalrom eller garderobe. Personalrommet som blir nytta i dag er inngangsparti/trappeoppgang til simulatorane. Dette blir nytta til lunsjrom/personalrom. Personalet har ikkje garderobar og kontorfasilitetane er spreidd i heile bygget.

Måløy vgs har også behov for meir areal. Avdeling for bygg og eigedom i har vurdert fleire alternativ. Eit alternativ var å enten bygge eit nytt bygg ved resepsjonen til Måløy vgs eller bygge ut lokala ved sjøen der Fagskulen og Måløy vgs deler lokale i dag. Etter at PEAK Måløy blei aktuelt er det mest aktuelle alternativet at Fagskulen flytter til PEAK Måløy og Måløy vgs får utvida lokale der Fagskulen flyttar ut.

PEAK Property AS vil etablere ei næringsklynge i PEAK Måløy. PEAK har med stor suksess etablert same konseptet i Førde. Fagskulen ser store fordelar ved å involver seg i tett kontakt og relasjon med næringslivet. Effektane i ei klyngjeorganisering er vel kjende nasjonalt. PEAK har engasjert arkitekt for utbygging og kome med teikningar og forslag til romløyning. Desse teikningane er sende til bygg og eigedom, og vil bli handsama i saman med personalet. PEAK tek sikte på å legge fram forslag til kontrakt i løpet av oktober.

Fagskulen har undertekna ein intensjonsavtale med PEAK Property AS. I avtalen står det mellom anna:

«PEAK har målsetting om å tilby lokale som innbyr til kunnskapsdeling, utvikling og innovasjonskraft gjennom å skape eit godt arbeidsmiljø kor ein legg til rette for dialog mellom både nye og etablerte bedrifter, gründerar, kapitalressursar som er på jakt etter gode investeringscase samt verkemiddelapparat».

Økonomi blir sentralt i arbeid med nye lokale. Lokala vi har i dag er eigd av fylkeskommunen. Leigeutgiftene per i dag består i hovudsak av fellesutgifter.

Eventuell etablering i saman med PEAK er i samsvar med Fagskulen sin strategi og satsingane i Måløy. Vi ønsker samstundes at avdeling Måløy skal utvidast og inkludere dei tekniske deltidsutdanningane i Førde gjennom prinsippa i prosjektet utdanningshub.

Moment til flytting

- Stortingsmelding 16 – 2020-2021 (Relevansmeldinga) legg stor vekt på at utdanning må levere relevant kompetanse ifht næringslivet sitt behov. Eit tett samarbeid med næringslivet vere ein føresetnad for å auke relevans i utdanninga.
- Fagskulen har behov for større klasserom for å tilfredsstillar økonomiske norm i Fagskulen Vestland
- Næringsaktørar i PEAK Måløy utdanningsinstitusjonar ønsker å skape eit kurs- og kompetansesenter. Kurs og kompetansesenteret vil vere i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Norges Miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) og Måløy Marine Ressurssenter (MMR).
- HVL og MMR ønskjer å satse meir på forskning ved å søke om midlar gjennom det statlege programmet «Kapasitetløftet»
- PEAK Måløy vil gi ut forslag til kontrakt i oktober. Der vil leigekostnadene kome fram.

Oppsummering:

Fagskulen i Sogn og Fjordane avdeling Måløy arbeider vidare, saman med Avdeling for bygg og eigedom i Vestland fylkeskommune, med ei eventuell flytting av undervisningslokale til PEAK Måløy.

Flyttinga er aktuell fordi både Måløy vgs og Fagskulen avd Måløy har behov for større areal. Avdeling for bygg og eigedom ser på flytting som aktuell fordi det vil redusere behov for nytt bygg til Måløy vgs.

Ved eventuell flytting av undervisningslokala vil lab-fasilitetar framleis vere lokalisert som i dag, dvs saman med Måløy vgs. Ein eventuell framtidig akvahall vil også lokalisert saman med Måløy vgs.

Før kontrakt vert underskriven skal styret ta stilling til strategiske og økonomisk konsekvensar av ei flytting. PEAK Måløy tek sikte på å ha lokala klare til haust 2023.

VEDLEGG:

Vedlegg 2 Intensjonsavtale

Vedlegg 3 Informasjon om PEAK Måløy og Måløy vekst - blått kompetansesenter

- <https://www.maloyvekst.no/peak-maloy-blatt-kompetansesenter-i-maloy-se-video/>
- <https://www.facebook.com/profile.php?id=100068320871679>

Vedlegg 4 Teikningar undervisningslokale i PEAK Måløy

STYRET FOR FAGSKULEN I SOGN OG FJORDANE

Saksnr.: 23/20 **Møtedato:** 2.09.2020 **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**

Sakshandsamar: Reidar Grønli

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane	2.09.2020	23/20

Nye undervisningslokale for avdeling Måløy

Rektor rår styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane til å gjere følgjande vedtak:

Styret gir rektor høve til å arbeide fram eit grunnlag der styret kan vurdere eventuell flytting av undervisningslokale ved avdeling Måløy til PEAK Property AS sin lokale i Måløy.

SAKSFRAMSTILLING

Oppsummering:

Saksutgreiing:

Fagskulen avdeling Måløy har lenge arbeid for å skaffe seg større areal til undervisning. Med dei klasseromma vi har i dag kan vi ta inn om lag 14 studentar i kvar klasse. Vi ønskjer å ha klassar med om lag 25 studentar.

Nå har PEAK Property AS intensjon om å etablere ei næringsklynge i Måløy. PEAK har med stor suksess etablert same konseptet i Førde. Fagskulen ser store fordelar ved å involver seg i tett kontakt og relasjon med næringslivet. PEAK har vendt seg til Fagskulen med førespurnad om å etablere seg i miljøet og vi har underskrive ein intensjonsavtale med PEAK. Sjå vedlegg 4.

PEAK Property AS uttrykker seg slik i intensjonsavtalen:

«PEAK har målsetting om å tilby lokale som innbyr til kunnskapsdeling, utvikling og innovasjonskraft gjennom å skape eit godt arbeidsmiljø kor ein legg til rette for dialog mellom både nye og etablerte bedrifter, grunderar, kapitalressursar som er på jakt etter gode investeringcase samt virkemiddelapparat».

Økonomi blir sentralt i arbeid med nye lokale. Lokala vi har i dag er eigd av fylkeskommunen. Leigeutgiftene per i dag er på kr 800 000 og består i hovudsak av fellesutgifter som blir internfakturert av Måløy vgs. I tillegg består utgiftene til leige av opplæringsfartøyet Skulebas.

Eventuell etablering i saman med PEAK er samsvarande med strategi og satsingane i Måløy. Vi ønsker at avdeling Måløy skal ta i vare dei tekniske satsingane for Fagskulen og . På Eid har vi etablert fysisk læringsmiljø for studentane som tek digital utdanning. I Stryn er det under etablering og i Måløy ønskjer vi å etablere same type læringsmiljø. Dette vil og vere nært knytt til kompetansepilot Nordfjord som blir orientert om i orienteringssaker - Sak 24/20. Dette gjer at vi har behov for lokale som er motiverande for å skape gode læringsmiljø.

Måløy næringsutvikling vil orientere om denne saka på styremøte.

Vedlegg 8: Intensjonsavtale Blått kompetansesenter – PEAK Måløy